


Kunnskapsdepartementet

 Postboks 8119 Dep
 0032 Oslo


Høyringsuttale - utkast til forskrift om rammeplan for ingeniørutdanninga og utkast til forskrift om endring i forskrift om opptak til høgre utdanning

Revisjonen av rammeplanen legg grunnlag for eit felles løft for implementering av kvalifikasjonsrammeverket og for å møte felles utfordringar frå NOKUT-evalueringa. Dette bør gi betre resultat og også auke det generelle samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og fagmiljø. Dei stramme tidsrammene for iverksetjing er ei utfordring, og vil også kunne redusere mulegheitene til samarbeid mellom institusjonane for utvikling av studiemodell og enkeltemne. Det er bra at det er understreka at ein skal ha laboratorie- og praksisnær undervising. Men dette krev eit nasjonalt løft for å få oppdatert laboratorieutstyr.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har følgjande innspel til utkast til forskrift:

Til § 5.a

Emnestorleik på 10 sp er positivt, men det bør vere mulig å fråvika dette i avgrensa omfang. Ein slik fleksibilitet vil m.a. kunna gi betre integrasjon mellom Y-veg og ordinært utdanningsløp. Ingeniørfagleg innføringsemne og systememne kan gi godt grunnlag for auka motivasjon og for å gi breiare perspektiv. Dei ulike utdanningane vil her kunna utvikle ulike løysingar for å oppnå læringsutbyta i samarbeid med næringsliv og andre samarbeidspartnarar, som t.d. NITO, NHO og bransjeorganisasjonar.

Vi er positive til at bacheloroppgåva har eit omfang på 20 sp, og at det blir likt for heile landet. Det bør vere muleg å ha meir fleksibilitet for plassering av valfrie emne, ved å opna opp for å ha eitt valfritt emne i 6. semester. Kravet til mobilitet kan likevel oppfyllast, og kan gi høve til å leggja matematikk 3. i siste semester og med dette gi betre grunnlag for dei som ønskjer både internasjonal utveksling og overgang til master.

Til § 5.c

For Y-vegen er det overordna at studentane har høve til å nå oppnå same læringsutbytte som dei "ordinære" studentane. Dei bør også ha muligheiter til internasjonal utveksling og masterovergang.

God og tidleg integrering av Y-vegen vil gi gjensidig gevinst for dei ulike studentgruppene og læringskulturen. Y-vegstudentane vil bidra med sin praktiske erfaring og kontaktar med relevant næringsliv, og kan få støtte i meir teoretisk perspektiv frå studentane med studiespesialisering.

HSF kombinerer tresemester og Y-veg og ynskjer at det skal vere muleg også i framtida. Å starta med sommarsemester gir grunnlag for tidlegare og meir omfattande integrering av Y-vegen i

Vår dato
27.10.2010Vår referanse
2010/737 - 5230/2010

ordinært studieløp. Forskrifta bør ikkje definera eit bestemt antal studiepoeng som skal fritakast, men heller setja ei grense på 30 sp fritak.

Y-vegen bør gjerast meir fleksibel, krav til struktur (emnetabell, vedlegg III) er for rigid. Paragrafane bør heller definera dei overordna mål og krav, og emnetabellen kuttast ut, slik at utdanninga og fritak kan organiserast på grunnlag av ulike studieprogram og fagbrev.

HSF ser det som viktig å Y-vegen som eit tilbod, slik at vegen inn i høgare utdanning blir lik for dei som kjem frå yrkesfagleg utdanning.

Med helsing



for
Terje Bjelle
underdirektør

Arnstein Menes
Arnstein Menes
Studiekonsulent

Kopi:
Eli Nummedal
Tarald Seldal
Terje Bjelle